



Til trafiksikringsplanen kom det gjennom prosessen inn omkring 1000 innspel om ulike tiltak i heile kommunen.

I Uskedalen blir det føreslege skilting på grunn av smal bru og fortau fram til brua langs vestsida av vegen.



Forslaget til kommunedelplan, som formannskapet skal drøfta 12. april, byggjer blant anna på ein systematisk gjennomgang av ulukkes- og trafikkdata i Kvinnherad.

Også dei mange innspela frå publikum, skular og andre, ligg til grunn for forslaget, like eins prosjektgruppa si synfaring av dei fleste offentlege vegane i kommunen.

Det går fram av saksutgreiinga at det må løyvast midlar i budsjett og økonomiplan før alle tiltaka i planen kan gjennomførast.

Utarbeidinga av planen har kosta 370.000 kroner, kor av fylkeskommunen deltek med 170.000 kroner.

Siktemålet med planen er at han skal fungera som eit verktøy for kommunen i trafiksikringsarbeidet, samt gje grunnlag for prioritering av offentlege midlar til dei mange tiltaka.

I arbeidet med kartleggjinga av ulukkesbiletet i Kvinnherad har prosjektgruppa teke utgangspunkt i hendingar med personsadar som har vore rapporterte til politiet i åra 2001 til 2010.

**Av Kristian Hus**

[www.husnesnett.no](http://www.husnesnett.no)

Bileta: Slik er dei 2 tiltaka illustrert i planen